



Varme AS  
Postboks 20 Kristianborg  
5822 BERGEN

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 16/597 - 16/18466

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
28.06.2016

## Løyve til montering av ny skorstein i einebustad gbnr 245/1 Kvamme (Ostereidet)

### Administrativt vedtak. Saknr: 325/16

Tiltakshavar: Svein Eide

Ansvarleg søker: Varme AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova  
(tbl.) § 20-1

Saksutgreiing:

### Tiltak

Saka gjeld søknad om innstallering av ny skorstein i einebustad på eidegn gbnr. 245/1, bygningsid.: 176300698. Montering av pregodkjend løysning skorstein av typen Jøtul Stålskorstein NVI2000 Combi (SINTEF 120-0250). Det vert elles vist til søknad motteke 18.02.16 og supplert 02.05.16.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søker ved brev av 25.02.16 og 21.04.16. Søknaden var komplett og klar for handsaming den 02.05.16 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Grunna bemanningstilhøve og stor pågang har saka dykkar blitt liggjande uhandsama hjå oss. Vi seier oss leie for lang sakshandsaming.

Konsekvens for kommunen ved fristoverskridning av 3-veker saker er at løyve vert rekna som gjeve, så framt det ikkje ligg føre nabomerknad jf. pbl § 21-7.

### Planstatus

Eidegnen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål.

### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.



## **Uttale frå anna styresmakt**

Kommunen har 28.06.16 vore i telefonisk kontakt med Fylkeskommunen i høve omsøkt tiltak. Bygget er SEFRAK-registrert. Kommunen har fått munnleg attendemelding på at sidan tiltaket ikkje omfattar rivingsarbeid, så treng ikkje saka sendast på høyring.

## **Nabovarsel**

Tiltaket er ikkje nabovarsla. I medhald av reglante i pbl. § 21-3 vert det ikkje kravd nabovarsling.

## **Plassering**

Plassering av ny stålskorstein er synt på takplan dagsett 29.04.16.

## **Tilkomst, avkjørsle parkering, vatn og avløp (VA)**

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

## **Terrenghandsaming**

Tiltaket fører ikkje til terrengendringar.

## **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

## **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

## **VURDERING**

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av takplan dagsett 02.05.16. Ansvarleg søker har opplyst at det berre er eit røykløp i ny skorstein og at eksisterande skorstein ikkje er brukande.

## **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav f jf. § 20-2 bokstav a og § 20-3 vert det gjeve løyve montering av ny skorstein ved bruk av pregokjend løysing (Jøtul Stålskorstein NVI2000 Combi (SINTEF 120-0250)).**

**Kommunen legg gjennomføringsplan og erklæring om ansvarsrett til grunn for tiltaket.**

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/597**

#### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Elin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

**Kopi til:**

Svein Eide

Sleipnersvei 21

5221

NESTTUN

**Mottakarar:**

Varme AS

Postboks 20 Kristianborg 5822

BERGEN